**Høgskolen i Telemark**

Fakultet for allmennvitenskapelige fag

**SLUTTEKSAMEN**

**i**

**6072 INNFØRING I TURISME**

**08.12.2014**

| | |
|---|---|
| Tid: | 3 timer (10-13) |
| Målform: | Bokmål/nynorsk |
| Sidetal: | 5 (inkludert forside) |
| Hjelpemiddel: | Ingen |
| Merknader: | **I oppgave 1 skal du velge mellom a) og b)** |
| Vedlegg: | Ingen |

Sensuren finner du på StudentWeb.

## Bokmål

**Oppgave 1 (40 %):**

Velg spørsmål a) eller b). Hvis du besvarer begge, vil svaret på a) være grunnlaget for karakter.

a) Forklar hva fellesgoder er, og hvordan reiselivet benytter disse. Gi eksempler og påpek potensielle konflikter med andre aktører.

**eller:**

b) Hvordan er den klassiske definisjonen av en turist? Drøft fordeler og ulemper ved bruken av denne og gi eksempler.

**Oppgave 2 (40 %):**

Essayspørsmål.

Du er rådgiver i reiselivsutvikling, og en entreprenør henvender seg til deg med en ide: Hun tror at det er et stort potensiale for å utvikle en reiselivsbedrift i de tomme butikklokalene i første etasje i eiendommen på hjørnet av Stasjonsvegen og Lundevegen midt imot utgangen fra jernbanestasjonen i Bø. Der ser hun for seg å ha internettadgang, turistinformasjon, reisebyrå og enkel servering av mat og drikke.

Basert på din kunnskap om reiseliv, hvilke spørsmål vil du ta opp med entreprenøren for å hjelpe henne med å vurdere potensialet for å etablere en slik bedrift på en bærekraftig måte?

**Oppgave 3 (20 %):**

Flervalgsspørsmål.

1. Hva beskrives her: Levekostnad er høyere enn opplevelseskostnad.
   a. Reiselivets konsumindeks
   b. Reiselivets paradoks
   c. Opplevelsenes eksponeringsprofil
   d. Opplevelsesøkonomien
2. Hva var Bø Sommarlands opprinnelige arbeidstittel?
   a. Bø i Sommerland
   b. Bø og Lifjell Vinter- og Sommarland
   c. Midt Telemark Nøyespark
3. Hva er sentrale geografiske regioner i Leiper-modellen om turismen som system?
   a. Markedet, transportsystemet, destinasjonssystemet
   b. Reisegenererende region, destinasjon og reiserute
   c. Internasjonale, nasjonale, regionale, lokale
4. Reiselivets kjernenæringer er
   a. Innkvartering, mat, attraksjoner og transportmidler
   b. Se, være, gjøre, lære
   c. Attraksjoner, opplevelser og infrastruktur
   d. Innkvartering, mat, attraksjoner og transport
5. Hvilket trinn i Butlers livssyklus for turisme kan beskrives slik: «Det er kjennetegnet ved mindre utvikling, men det skjer endringer når det gjelder aktører. Stedet er blitt et objekt for investorer»
   a. Utforskning
   b. Stagnasjon
   c. Konsolidering
   d. Involvering

6. Hva beskrives her: Det inntrykk et område ønsker å formidle av seg selv til omverdenen i dets markedsføring som reisemål
    a. Opplevelsesprofil
    b. Omdømme
    c. Identitet
    d. Eksponeringsprofil
7. Om forutsetningene for reiselivsutvikling kjennetegnes av svak kompetanse og sterk politisk vilje, hvilke av disse alternativene beskriver dette best?
    a. Urealistisk
    b. Umulig
    c. Forspilte muligheter
    d. Realisert potensial
8. Hva slags reisemønster er det her tale om?
   Vi oppholdt oss i Paris en helg og besøkte Eurodisney om søndagen. Deretter reiste vi med tog til Le Mans for å se på racerbilkjøring. Vi tok så toget til Lyon og videre til Nice, der vi var på stranden i tre dager. Til slutt reiste vi med tog tilbake til Paris med en stopp i Versailles for å se på slottene.
    a. Rundreise
    b. Gjennomfart
    c. Bedriftsopphold
    d. Baseopphold
9. Hvilke av disse gruppene i den norske befolkningen reiser minst sannsynlig på ferie?
    a. Barn
    b. Innvandrere
    c. De eldre
    d. Studenter
10. Av det norske folks totale pengeforbruk på ferier er
    a. Knapt en fjerdedel i Norge
    b. En tredjedel i utlandet
    c. Mindre enn halvparten utenlands
    d. Mer enn halvparten i Norge

## Nynorsk

**Oppgåve 1 (40 %):**
Velje spørsmål a) eller b). Dersom du svarar på begge, vil svaret på a) vere grunnlaget for karakter.

a) Forklar kva fellesgode er, og korleis reiselivet nytter desse. Gje døme og peik på potensielle konfliktar med andre aktørar.
**eller:**
b) Korleis er den klassiske definisjonen av ein turist? Drøft fordelar og ulemper ved bruken av denne og gje døme.

**Oppgåve 2 (40 %):**
Essayspørsmål.

Du er rådgjevar i reiselivsutvikling, og ein entreprenør tek kontakt med deg med ein ide: Ho trur at det er eit stort potensiale for å utvikle ei reiselivsverksemd i dei tomme butikklokala i første etasje i eigedomen på hjørnet av Stasjonsvegen og Lundevegen midt imot utgangen frå jernbanestasjonen i Bø. Der ser ho for seg å ha internettilgang, turistinformasjon, reisebyrå og enkel servering av mat og drikke. Basert på den kunnskapen du har om reiseliv, kva spørsmål vil du ta opp med entreprenøren for å hjelpe ho med å vurdere potensialet for å etablere ei slik verksemd på ein berekraftig måte?

**Oppgåve 3 (20 %):**
Fleirvalsspørsmål.

1. Kva omtalast her: Levekostnad er høgare enn opplevingskostnad.
   a. Reiselivet sin konsumindeks
   b. Reiselivet sitt paradoks
   c. Opplevingane sin eksponeringsprofil
   d. Opplevingsøkonomien
2. Kva var Bø Sommarland sin opprinnelege arbeidstittel?
   a. Bø i Sommerland
   b. Bø og Lifjell Vinter- og Sommarland
   c. Midt Telemark Nøyespark
3. Kva er sentrale geografiske regionar i Leiper-modellen om turismen som system?
   a. Marknaden, transportsystemet, destinasjonssystemet
   b. Reisegenerande region, destinasjon og reiserute
   c. Internasjonale, nasjonale, regionale, lokale
4. Reiselivet sine kjernenæringar er
   a. Innkvartering, mat, attraksjonar og transportmiddel
   b. Se, vere, gjere, lære
   c. Attraksjonar, opplevingar og infrastruktur
   d. Innkvartering, mat, attraksjonar og transport
5. Kva for trinn i Butler sin livssyklus for turisme kan omtalast slik: «Det er kjenneteikna ved mindre utvikling, men det skjer endringar når det gjeld aktørar. Staden er blitt eit objekt for investorar»
   a. Utforsking
   b. Stagnasjon
   c. Konsolidering
   d. Involvering

6. Kva omtalast her: Det inntrykket eit område ønskjer å formidle av seg sjølv til omverda i marknadsføringa si som reisemål
    a. Opplevingsprofil
    b. Omdømme
    c. Identitet
    d. Eksponeringsprofil
7. Om føresetnadene for reiselivsutvikling kjenneteiknast av svak kompetanse og sterk politisk vilje, kva for eitt av desse alternativa omtalar dette best?
    a. Urealistisk
    b. Umogleg
    c. Forspelte moglegheiter
    d. Realisert potensial
8. Kva slags reisemønster er det her tale om?
   Vi oppheldt oss i Paris ei helg og besøkte Eurodisney om søndagen. Deretter reiste vi med tog til Le Mans for å sjå på racerbilkjøring. Vi tok så toget til Lyon og vidare til Nice, der vi var på stranda i tre dagar. Til slutt reiste vi med tog attende til Paris med ein stopp i Versailles for å sjå på slotta.
    a. Rundreise
    b. Gjennomfart
    c. Bedriftsopphald
    d. Baseopphald
9. Kva for ei av desse gruppene i den norske befolkninga reiser minst sannsynleg på ferie?
    a. Barn
    b. Innvandrarar
    c. Dei eldre
    d. Studentar
10. Av det norske folk sitt totale pengeforbruk på feriar er
    a. Knapt ein fjerdedel i Noreg
    b. Ein tredjedel i utlandet
    c. Mindre enn halvparten utanlands
    d. Meir enn halvparten i Noreg